

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 Rosendal

---

Dato	05.09.2025
Vår referanse	2025/43234-6
Dykkar referanse	2022/1143
Sakshandsamar	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
E-post	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
Telefon	45723354

## Innspel til oppstart av planarbeid og høyring av planprogram - detaljregulering for Årsnes Industriområde - gnr. 81 bnr. 211 mfl. - planID 20210005 - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 20.06.25 om oppstart av arbeid med detaljregulering og høyring av planprogram for Årsnes industriområde gnr 81, bnr 211 m.fl – Kvinnherad kommune. Hovudføremålet med reguleringa er å legge til rette for utvikling av industriområdet på Årsnes. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næringsføremål og framtidig bruk og vern av sjø og vassdrag. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing og det er lagt planprogram på høyring samstundes med melding om oppstart av planarbeid.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga og planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering og innspel

#### Forankring regional plan

I følge plan og bygningsloven §8-2 skal regional plan (...) *legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.* Av regionale planar, er følgende særleg viktige for denne planen:

- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion
- Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Dei regionale planane har mål og retningslinjer som skal leggast til grunn for planarbeidet. Vi ber om desse planane vert teke med som ein del av kunnskapsgrunnlaget og at det vert synleggjort i planomtalen korleis dei regionale føringane verkar inn på planen. Dei regionale planane er samla på fylkeskommune si [heimeside](#).

#### Planfaglege merknadar

#### Konsekvensutgreiing

Kommunen har konkludert med at det er krav om konsekvensutgreiing av detaljreguleringa i samband med oppstart av planarbeidet, på bakgrunn av at tiltaket ikkje er avklart i overordna plan. I konsekvensutgreiinga er det viktig å bruke ein anerkjent metode og det er positivt at det i planprogrammet er vist til miljødirektoratet sin rettleiar [M-1941 for konsekvensutredning av klima og miljø](#). Føremålet med konsekvensutgreiinga er å klargjere verknadene av planar og tiltak som

kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det er viktig at alle aktuelle tilhøve vert vurdert opp mot dette. Fylkeskommunen finn at forslag til tema som blir handsama i konsekvensutgreiinga dekkjer i hovudsak dei tema som er naturleg å gjere greie for. Vi vil også minne om at for tema det ikkje vert utarbeidd KU for, skal verknadane av planen gå fram av planomtalen.

#### Føresegner

I det vidare arbeidet med reguleringa oppmodar vi til å nytte planverktøyet for å legge tydelege føringar for utviklinga av området. Vi rår til at føresegner som er knytt til viktige tema (td klimatilpassing) har «skal»-formuleringar i planen, samt ei grad av detaljar som sikrar at planen ikkje opnar for tolking. Å utsette detaljane til byggesak set høge krav til den kommunale handsaminga av byggesaka. Tydelege føresegner gjev kommunen eit viktig verktøy når dei konkrete løysingane i byggesaka skal vurderast. Ein tydeleg plan gjer det lettare for naboar, kommunen og utbyggar å sjå føre seg korleis det nye byggjeområdet vert i praksis. Rekkjefølgjekrav er eit viktig verkemiddel for gjennomføring av planen og som grunnlag for utbyggingsavtalar om gjennomføring.

#### Klima

I nasjonal og regional politikk er det eit auka fokus på jordvern og klima- og naturkrisa. Nedbygging av natur reduserer økosystemtenestene, som elles bidreg med t.d. CO<sub>2</sub>-lagring, vern mot klimaendring og -risiko, og naturmangfald. Jf pbl § 3-1 bokstav g) *skal planar etter pbl ta klimaomsyn, gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til forventta klimaendringar, gjennom løysingar for energiforsyning, areal og transport.*

[Regional plan for klima](#) har mål om å redusere klimagassutslepp, skape eit trygt og robust fylke, sikre naturmangfald som er viktig for å redusere klimarisiko og vere ein pådrivar for rettferdig klimaomstilling. Planen inneheld [retningslinjer for planlegging](#) som skal leggest til grunn for planlegging i kommunane.

Klimaendringar vil føre til ei auke i nedbør og overvann mange stadar, samtidig som at utbygging ofte fører til fleire tette og harde flater. Naturbaserte løysingar for overvasshandsaming med opne vassvegar, kan bidra til å skape eit balansert forhold mellom tilpassing, natur og landskap. Dei kan vere med å skape gode nærmiljø og vere eit middel for å få naturen tettare på, samtidig som det biologiske mangfaldet blir teken i vare i utbygde og fortetta område.

#### Landskap

Det er gjennomført kartlegging og verdivurdering av landskapet i Hordaland. Dette området ligg i landskapstypen Brede fjordløp og fjordmøter med stor verdi.

All utbygging har verknad på landskapet, og bør såleis vere tilpassa landskapet. Det bør takast omsyn til landskapskarakter og kva type inngrep landskapet er sårbar for. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Det vil vere positivt å vise realistiske illustrasjonar i høve til perspektiv og skala. Visuelle illustrasjonar bør visast frå perspektiv der menneske ferdast. Landskapsverknader kan også illustrerast godt og bør følgje planforslaget

#### Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor planområdet. Potensial for funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet vert vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Vi vil likevel gjera dykk merksam på at det

ligg ei gravrøys, Askeladden id. 95947, om lag 40 meter nordvest for planområdet. Dette må ein ta omsyn til i den vidare planlegginga.

Vestland fylkeskommune har elles ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

### Samferdsel

Avdeling for infrastruktur og veg sitt ansvar i planarbeidet er fyrst og fremst knytt til arealbruken langs fylkesveg. Vi uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg, med særleg fokus på trafikktryggleiken og framkomst for alle trafikantar.

#### *Generelle innspel til planarbeidet:*

Vi ber generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessen:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til fylkesveg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker
- Grunnundersøkingar

Generelt vil vi minne om at Statens vegvesen si handbok N100 Veg og Gateutforming er gjeldande for alle offentleg veg, og eventuelle fråvik frå handbok N100 skal vere godkjent av vegeigar før detaljreguleringsplanen vert lagt ut på offentleg ettersyn og høyring. Vidare skal tekniske teikningar også sendast til vegeigar før offentleg ettersyn

#### *Særlege innspel til dette planarbeidet*

- Vestland fylkeskommune legg til grunn at verknadane planløyisingar har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen, ROS-analysen og ev. konsekvensutgreiing.
- Vestland fylkeskommune ber om at trafikktryggleik vert eit eige tema i planarbeidet. Både i planskildringa, ROS-analysen og konsekvensutgreiinga (KU).
- Behov for rekkefølgjekrav
- Særlege forhold med tanke på trafikktryggleik
- Parkeringsdekning og – behov
- Trafikkanalyse
- Vurdere eigarforhold (t.d i forhold til bygging av fortau, gs-veg osv.)
- Konsekvensar for drift og vedlikehald av vegnettet
- Det kan verte behov for gjennomføringsavtale, særleg der det er rekkefølgjekrav om tiltak på fylkesveg.

For næringsarealet i nord er det ikkje aktuelt med ei byggegrense på 9,5 m frå midten av fv. 500. Det nærmaste me kan tillate er 20 m.

I forkant av planoppstart har avdeling for infrastruktur og veg våre i kontakt med Kvinnherad kommune for å drøfte ulike alternativ til tilkomst til næringsområdet. Me har uttalt at me kan tillate ei utvida bruk av eksisterande avkøyrslar ved Årsnes ferjekai dersom den utvida bruken er avgrensa, og det vert gjort nødvendige endringar av utforming av avkøyrsla, gangfelt og plassering av parkeringsplass.

På bakgrunn av informasjon som har kome fram ved planoppstart ber me om at de vurdere andre alternativ til tilkomst. Det kan til dømes være dersom delar av arealet skal nyttast for handsaming og deponering av massar. Desse forholda må bli konsekvensvurdert. Dersom det skal bli etablert næringsareal både i sør og i nord bør ein også forsøke å samlokalisere tilkomsten til

næringsområda. Konsekvensutgreiinga må vurdere konsekvensane av tilkomst i nord, og samlokalisering av ein tilkomst til heile næringsområdet.

På noverande tidspunkt er det usikkerheit knytt til kva aktivitet som skal gå føre på næringsområdet, kva trafikk aktiviteten vil generere og korleis det vil påverke ferjekaien. Me treng også at det vert godt utgreia konsekvensen av ein djupvasskai nordaust for ferjekaien.

Me oppfordra til dialog under vegs i planarbeidet med nærare informasjon om kva aktivitet som er tiltenkt på næringsområdet. På grunn av den store påverkinga planen har på fylkesvegareal kan det bli aktuelt med motsegn til planforslaget.

#### *Mobilitet og kollektiv*

Kvinnherad kommune planlegg for å utvikle eksisterande industriområde på Årsnes. Det er ønskeleg å vidareutvikle næringsarealet ved å legge for ytterlegare utvikling mot nord, etter kryssing av Årsneselva. Ei sentral problemstilling er tilkomst til området, og om det er mogleg å nytte eksisterande avkøyring mot ferjekaien. I forprosjektet har det vore dialog med Vestland fylkeskommune om vegsituasjonen og tiltak som kan gjere det mogleg å nytte eksisterande avkøyring.

Trafikkanalysen som vart gjennomført i 2024 viser 4 ulike alternative tilkomstløysingar til industriområdet. Med bakgrunn i forventa ÅDT den gong, vart alternativ 0+ tilrådd. Det inneber i hovudsak å behalde dagens trafikkavvikling og gjere mindre tiltak, som flytting av parkeringsplassen og betre tilkomsten for mjuke trafikantar. Alternativ 1 er å nytte dagens avkøyring til fv 500, og så separere ferjetrafikken og trafikk til næringsområda med ein rundkøyring og separate løp. Avdeling for Mobilitet og kollektiv/Skyss har vore i dialog med Fjord 1 angående ein slik løysing. I utgangspunktet har Årsnes ferjekai god kapasitet som i dag kan handtere ekstraordinær trafikk. Det er likevel knytt bekymring til å redusere kaioppstillinga med to løp. Bekymringa er at dette kan skape kø opp mot fylkesvegen på dagar med særleg mykje trafikk. Det vert og vist til at nokre spor vert nytta til å lagre snø om vinteren, og at det vinterstid kan vere krevjande å komme opp til ein rundkøyring som ligg ein bakke. Det vert påpeika at området der rundkøyringa er tenkt ikkje er flatt.

Vidare er det i trafikkanalysen føreslått tilkomstveg aust for ferjekaia (alt 2) og nord for ferjekaia (alt 3). Desse alternativa har større utfordringar knytt til arealinngrep og kostnader.

Sidan det er knytt stor usikkerheit til omfang og aktivitet på næringsområdet vil det vere behov for nærare dialog om infrastrukturløysingar når bruk av området er kjent. I planprogrammet vert det vist til stor interesse frå aktørar som har behov for å vere tilknytt djupvasskai, og vidare kan det vere aktuelt å legge til rette for til dømes riggområde for større kraftutbygging, massehandtering, lagerhall mm. Når bruk av området er fastsett må det gjennomførast ein nærare konsekvensutgreiing og analyse av trafikkavvikling. Avdeling for Mobilitet og Kollektiv viser her til uttale frå avdeling for Infrastruktur og Veg som ber om å vurdere alternativ tilkomst. Dersom det vert lagt til rette stor aktivitet og trafikkkløysingar som gir negative konsekvensar for ferje eller busstrafikk kan det verte aktuelt for fylkeskommunen å fremje motsegn.

#### Strandsone

Når kommunen vil legge til rette for utbygging i dette området, som også omfattar strandsona, må de vere merksam på at det innanfor 100-metersbeltet skal takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Dette er uavhengig av om arealet er avsett til føremåla i KPA.

For vidare arbeid med planprosess og innhald, viser Vestland fylkeskommune til [digital strandsonerettleiar](#). Denne er basert på gjeldande regionale føringar og [statlege planretningsliner for forvaltning av strandsona](#).

Vi vil òg minne om at reguleringsplanen må vise byggegrense mot sjø dersom planen opnar for gjennomføring av byggetiltak jf. plan og bygningslova § 1-8. Det er anbefalt å forankre byggegrense i plankartet. Føresegnene bør brukast til å definere kva byggegrensa er og for kva tiltak den gjeld. Om naudsynt er det mogleg å ta i bruk retningsliner for ytterlegare skildring, jf. råd og rettleiing i strandsonerettleiar for Vestland fylke. Byggegrense mot sjø bør trekkast så langt vekk frå sjølinja som mogeleg, og byggegrensar for eksisterande tiltak bør ligge tett kring det

fysiske tiltaket, og ikkje i føremålsgrænse eller tomtegrænser. Vi ber om at planframlegget vil avgrense vidare utbygging i strandsona.

[Den regionale kystsoneplanen](#) har mål om at strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Nye tiltak bør trekkast så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar, jf. generelle føringar for nye tiltak i strandsona i regional kystsoneplan.

#### Vassforvaltning

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta, og koordinerer prosessen med å gjennomføre [regional plan for vassforvaltning](#) i tråd med vassforskrifta. I alle forslag til regulerings-planar må det vurderast om planen kan ha innverknad på vassførekomstar i eller i tilknytning til planområdet. [Vann-nett](#) gjev viktig grunnlagsdata for alle reguleringsplanar. Gode verktøy for å ta i vare vassmiljø er omsynssoner i plankartet, føresegner og retningslinjer.

#### **Oppsummering**

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på korleis planen skal løyse forholdet til fylkesveg og ferjekai. Fylkeskommunen ønskjer vidare dialog kring løysingane for tilkomst til området.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
Fagansvarleg kommunal plan  
NPI – Plan, klima og analyse

Ingunn Bårtvedt Skjerdal  
seniorrådgjevar  
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

#### Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER

#### Intern sakshandsamarliste

Lars Øyvind Birkenes	KFO - Arealplan
Guri Finne Sognnæs	INV - Vegforvaltning Vestland
Gunhild Raddum	MOK - Transportplan